

## EI SKREKKHISTORIE

Dette er ingenting for sarte sjeler. Følgande spel skjedde ein kveld ganske nylig. Eg sat i vest

♠ T6	
♥ AT876	
♦ AK3	
♣ J43	
♠ A7543	♠ QJ98
♥ K5	♥ 9
♦ Q98	♦ 652
♣ 976	♣ AKT85
♠ K2	
♥ QJ432	
♦ JT74	
♣ Q2	

Meldingsforløpet tåler nesten ikkje dagens lys, men eg kan seie såpass at nord åpna i 3.hand med 1 hj, makker dobla, syd sperra med 3 hj og eg avslutta med 4 spar som syd dobla. Det spetakkelet i syd hadde for xxxx-gong fått meg på limpinnen.

Eg er opplært til melde etter følgande prinsipp: Når eg melder så skal eg vise handa mi og ferdig med det. Syd i dette spelet gjorde det ikkje lett for meg å ta den beste avgjerda sidan ho sperra med 3 hjerter. Kor som er så var eg sikker på at noko minimumshand hadde ikkje makker, dermed satsa eg på 4 spar. Så kom syd med si dobling. Det var då som bare \*\*\*\*\*, skeiv trumsits no då, ho sperra bare for å få meg til å gjere som eg gjorde, gå rett på limpinnen (akkurat som ikkje ho har gjort det før med stadig større hell). Makker si hand er ikkje den beste eg har sett, men eg prøvde no å ikkje gje opp frå starten av.

Utspellet var hjerter ess og tre gonger ruter så eg var inne. Hjerter konge med kløversak og kløver til liten, konge og dame !!!!! Javel ja, kva er det som skjer no då ? Har syd QJ blokk i kløver, kanskje singel dame ? Uansett så er eg inne i bordet med desse korta att

ØV: A7543-blakk-blakk-76 i vest, i aust er det QJ98-blakk -blakk-AT8.

Eg spelar så spar dame frå bordet til kongen, ess og seksaren i nord. Akkurat, trumfen sat ikkje 4-0. Korleis kan eg klare kontrakta no ? Sparen må sitte 2-2, og dermed er kløveren også nøydd å sitte 3-2 med dobbel i syd. Og det gjorde den, bare det at det var dame dobbel og ikkje QJ-blokk. Dermed vart det ei beit når eg prøvde å toppe ut QJ i kløver. Kontrakta kan aldri vinnast, syd (alltid like utspekulert mot meg, skjønar framleis ikkje kvifor) melde og spelte slik at det vart skapt ein illusjon om at det såg heilt annarleis ut enn det gjorde i praksis. Eg fekk min sjanse, men det spetakkelet i syd visste med 100 % sikkerhet at eg aldri ville klare det likevel. Kva makker sa, eignar seg ikkje på trykk. Skriv eg det går skjermen i svart, garantert. Ein vakker dag skal eg få min revansje overfor syd. Söt, snill, kjekk og grei ? Ja det er ho, men gje henne 13 kort, ein meldeboks og plasser ho attmed eit bridgebord med meg som motpart og det burde komme opp på skjermen:

## **Fest setebeltet, for no går vi inn i ei ekstremt turbulent sone.**

At spetakelet i syd kan sette nokon og ein kvar ut av spel, viser følgande sanne historie fortalt av hennar bridgelærer ????? og ektemann. Ho skulle spele si første turnering nokon gong live langt inne fjordstroka mellom høge fjell og djupe fjordar. Ho vart spelefører i hjerterkontrakt etter å ha åpna i 1 av sorten. Systemet var 5 kort major. Hjerterfargen såg omlag slik ut:

Makker:

QJxxx

Spetakkel:

ATxxx

Ho kom inn på handa i stikk 1 og spelte liten hjerter mot dama. VM visste om systemet og når han hadde Kx stoppa han opp litt før han la på. Overgangane mellom hendene var det ingen problem med, kvifor spelte ho då slik om ho hadde esset ?M.a.o. hans makker hadde esset singel, så det å legge kongen no ville gje makker hjerteinfarkt lenge før tida. Dermed liten hjerter,dama vann stikk og så hjerter tilbake til esset og kongen ramla. Som einaste (naturlegvis) par i salen vart det 10 stikk. Om nokonvart råka av infarkt eller ikkje, seier ikkje soga noko om, men at det vart temperatur rundt bordet er vel liten tvil om. Når det itillegg visstnok var storfavoritten til seier i turneringa som gjekk 5 på, ja så gjer det histora endå betre. "Svarteper" sa visst eit og anna etterpå, men retteprogrammet på PC-en min godtok ikkje slike ord så dermed endar historia her.